



2. *Er det mit hjem?* Er det mitt ansvar?

Kristine Kleveland

Samandrag Biletboka *Er det mit hjem?* lèt naturen kome til orde, men talar òg på vegner av naturen. Boka er skriven med uttala mål om å inspirere til samtale om planeten si framtid. Ho handlar om klimatilstanden og peiker, gjennom den vesle jenta som er protagonist, på barn som avgjerande for håpet om at kloden held fram med å vere ein heim for mennesket. Den økokritiske dialogen boka trer inn i og legg opp til, er prega av framtidshåp og ansvarleggjering.

Nøkkelord økokritikk | dialog | barnelitteratur | NatCul | dialogiske rom

Abstract The picturebook *Is this my home?* gives nature an opportunity to speak, but it also speaks on behalf of it. It is written with a stated goal to inspire conversation about the future of our planet. The young generation is, through the little girl protagonist, seen as decisive for the hope that the earth remains a planetary home for humans. The picture book is modelling an ecocritical dialogue and opening an ecocritical dialogic space about human position and responsibility.

Keywords ecocriticism | dialogue | children's literature | NatCul | dialogic space

INTRODUKSJON

I den overordna delen av den norske læreplanen står det at «[b]arn og unge skal handtere dagens og morgondagens utfordringar, og vår felles framtid er avhengig av at kommande generasjonar tek vare på kloden» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Ein reiskap for å få til dette er barnelitteratur som tek opp i seg dialog om klimaet og kloden. Goga og Eskebæk viser til økokritikk som ei strøyming gjennom nordisk barne- og ungdomslitteratur: Ein heil masse bøker for barn og unge har miljø- og klimaaktivistar som protagonistar (2021, s. 4). *Grønne greier* (2018), *Verden sa ja* (2018) og bokserien *Klodeklubben* (2020–2022) er nokre nyare

norske døme på denne typen bøker. Desse lèt til å ha eit mål om å opne økokritiske dialogiske rom, og om å aktivisere lesaren, syne klimaheltar for at lesarane skal ha førebilete og sjølv bli protagonistar i og mot klimakrisa. Biletboka *Er det mit hjem?* (2018)¹ handlar om ei lita jente som oppdagar at heile verda er heiman hennar, at ho deler denne med fantastiske planter og dyr, og at ho må gi heimen sin kjærleik. Altså skriv boka seg inn i rekkja av barnebøker som siktar på å engasjere og aktivisere unge lesarar i møte med klimakrisa. Ho er skriven, opphavleg på engelsk, av Sean Henrik Moore og illustrert av Yeji Yun, og ho er omsett til dansk, tysk, nederlandsk og kinesisk. Ho gir inntrykk av å vere ei bok med mål om og potensial til å inspirere til handling for unge lesarar – dei som er framtida, håpet, og dei som for alvor må forhalde seg til klimakrisa. *Er det mit hjem?* er utgitt av det danske energiselskapet Ørsted i samarbeid med forlaget Politiken. Saman med boka har dei også gitt ut undervisningsressursar og framlegg til opplegg i skulen. På baksida av boka skriv dei at ho er skriven for å «inspirere til samtaler om vores fantastiske planets fremtid til gagn for vore børn og vores børns børn. Og deres børn!». Boka handlar om menneskeskapte klimaendringar og peiker, gjennom den vesle jenta som er protagonist i boka, på barn som avgjerande for håpet om kloden som varig heim for menneska.²

Dette kapittelet undersøker *Er det mit hjem?* som økokritisk dialog og som dialogisk rom. Boka er ein ressurs for å snakke om miljø og berekraft, då ho lèt naturen kome til orde, men ho talar òg på vegner av naturen. Gjennom ei lesing med særleg syn på dialogiske aspekt ved ikonoteksten og på protagonisten som ansvarleg og ansvarleggjerande kan ein òg sjå kva slags dialog boka skriv seg inn i, og kva føringar ho legg for økokritisk dialog. Boka modellerer dialog med omgjevnadene, samstundes som at ho gjer seg til deltakar i eit økokritisk dialogisk rom. Desse dialogane, den ho har i seg, og dialogen ho legg opp til, er ikkje heilt like og er difor interessante å sjå opp mot kvarandre. Korleis plasserer boka, mellom anna gjennom dialog, mennesket i relasjon til resten av naturen?

-
- 1 Her er det den danske omsettinga som blir undersøkt på grunn av denne boka sitt føremål om å gi lærarutdannarar og lærarstudentar faglege døme på verktøy til å gjennomføre dialogisk undervisning med vekt på forholdet mellom mennesket og natur, miljø og livsvilkår, lokalt og globalt (jf. Goga et al., 2023). Dette inneber òg å ta medvetne val av litteratur, mellom anna i møte med klimakrisa. Biletboka finst som fysisk bok, men òg som e-bok og innlesen som video på Ørsted sine sider: <https://orsted.com/da/explore/is-this-my-home>.
 - 2 Målet med dette kapittelet er ikkje å undersøke den etablerte koplinga mellom barn og håp eller barn som miljøheltar. For ein opnande inngang til ei slik problemstilling, sjå Peter Kraftl (2008) sin kritikk av «the seeming logic wherein young people (and childhood) should be a repository for hope» (s. 84), og Sinéad Moriarty si drøfting av litterære miljøheltar med Greta Thunberg som døme.

For å sjå på dialogane *i* og det dialogiske *ved* biletboka *Er det mit hjem?* er tre aspekt ved boka særleg interessante: Mennesket, det menneskeskapte og menneskeleggjering. Mennesket og protagonisten, «den lille pige», gjer ei dannelsreise, og boka er i nokon forstand ein dannelsesroman i biletbokform. Jenta er representant for mennesket, barnet, jentebarnet, og ho blir ei slags leiestjerne. Det blir knytt forventning til jenta idet ho får ansvar for å ta betre vare på jorda og dimed indirekte skuld for å øydeleggje ho. Det menneskeskapte er representert i nattbordslampa jenta ber med seg. Med denne søker ho opplysning og å opplyse. Allereie på framsida av biletboka er symbolikken i lyset tydeleg, jenta skal leie veg, opplyse og avdekkje. Eit tredje aspekt er menneskeleggjeringa av omgjevnadene. Jenta går ut i verda og stiller spørsmål til planter og dyr, og plantene og dyra svarar med menneske sitt språk. Dei har menneskelege eigenskapar og er imøtekomande når jenta kjem for å spørje.

Drøftinga av desse aspekta ved boka krev eit metodisk og teoretisk grunnlag. Her er mellom andre Mikhail Bakhtin (2003) og Rubert Wegerif (2007, 2013) sentrale for det dialogiske, og Arne Næss (1991, 1999a, 1999b) og Rosi Braidotti (2020) for det økokritiske. Her er òg NatCul-matrisa³ ein viktig reiskap i møtet mellom økokritikk og dialog. Undersøkinga av boka er tekstnær og med fokus på økokritisk dialog, og altså ikkje eit didaktisk framlegg til økokritiske dialogar med bruk av biletboka som emne for ein litterær samtale eller eit undervisningsopplegg.

PRESENTASJON AV ER DET MIT HJEM?

Ei lita jente vaknar av at ei mus lagar seg ein heim, slik me kjenner frå Tom og Jerry, i veggjen på rommet hennar. Ho set seg på huk og seier til musa «du kan ikke bo her. Det her er mit hjem!» (Moore & Yun, 2018, oppslag 4). Musa, som står med ei lita handsag og ein haug med plank, iretteset jenta: «Nej, det her er ikke dit hjem. Dit hjem er da meget større» (oppslag 4). Jenta lurar: «Større? Kan det virkelig passe?» (oppslag 4). Viss ikkje rommet eller huset er heimen hennar, kva er heimen hennar då? Ho tek med seg nattbordslampa si og går ut i natta for å finne svar. Musa går med ho, og saman drar dei ut i den store verda, gjennom ulike klima og landskap, alt med sterke farger og innhaldsrike illustrasjonar, til det som ser ut som enden på verda. På vegen møter dei ulike planter og dyr, og jenta spør «er det her mit hjem?», men ho får kvar gong til svar at hennar heim er langt større. Ho held fram, og når me til slutt ser heile kloden illustrert på oppslag 20, kjenner me att dyr

3 Sjå Goga et al. (2023).

og landskap frå fleire kontinent. Jenta drar heim att etter den omfattande reisa, og med spørsmålet som har blitt globalt. «'Jeg har været overalt, og jeg har stadig ikke fundet mit hjem,' sagde den lille pige» (oppslag 18). Det er fyrst no at ho får eit meir utfyllande svar:

«Jo, du har!» sagde musen. «For dit hjem er ikke kun dit værelse eller dit hus. Det er ikke engang kun det land, du lever i. Det er meget større. Dit hjem er hele den store verden – og verden er alles hjem. Og vi skal være gode ved verden, så den bliver ved med at være et smukt sted, hvor vi allesammen kan være». (oppslag 18)

Heime-borte-heime-mønsteret er fullenda, og jenta går til sengs med svar på spørsmålet. Heile verda er heimen hennar. Denne deler ho med alle andre skapningar, men ho har eit særleg ansvar for å ta vare på han.

Etter kvart som me følgjer den vesle jenta rundt i verda, ser me òg at klimakrisa gjer seg gjeldande, både gjennom illustrasjonane og i verbalteksten. Snøen smeltar bort, ørkenen bli varmare, og havet er forureina, fylt med plastflasker og handleposar. Jenta finn mellom anna ein snøleopard samankrøkt heilt på toppen av eit elles bert fjell: «Oppe på toppen så hun en sneleopard, der prøvede at gemme sig i den smule sne, der var tilbage» (oppslag 10). I ørkenen kjem ein kamelon til syne og seier «Jeg har boet her meget længe, men nu er jeg nødt til at flytte til et sted, hvor der er mere vand» (oppslag 11), før han går i eitt med den gule sanden. Det er likevel fyrst etter reisa, når jenta igjen ligg i senga si, at klima blir tatt opp som tema, men heller ikkje her blir det gjort eksplisitt. Heile verda er heimen hennar, og ho deler han med «fantastiske dyr og planter» (oppslag 19). Sjølv om det ikkje har vore tema gjennom reisa, skjønar jenta kva ho skulle gjere: «Og det gør du også – giv dit store hjem den kærlighed, det fortjener», konkluderer boka når nattbordslampa blir slokken (oppslag 19). Med dette vender boka seg ut og rettar seg mot lesaren, legg eit ansvar på han og oppmodar til handling med ein grunnpremiss om at kloden fortener betre (oppslag 19; 21). Ho kan bli lesen som ei oppmoding til handling, ikkje berre for si eiga eller for menneska si skuld, men òg alle plantene og dyra mennesket deler heimen med.

Den vesle jenta ligg trygt i senga si igjen med visse om kva som er heimen hennar. Ho sløkkjer lyset, og boka lèt til å ende her. Likevel er ho ikkje heilt ferdig. Som eit slags etterord følgjer ei oppsummering og tydeleggjering av bodskapen i boka. Musa kjem i tale att, vend direkte, i illustrasjonen og i talen, mot lesaren:

Mens du læste bogen om den lille piges rejse, er jeg sikker på at du lagde mærke til, at det regnede voldsomt, at vejret blev varmere, at sneen smeltede, og at havet var forurennet. / Der er stadig håb for vores fælles hjem. Vi skal bare passe bedre på det. Det er ikke så svært. / Og du har allerede lært, at noget af det aller-vigtigste er at passe på og elske vores hjem, Jorden. Det er godt for alle. For dig, mig og alle planter og dyr / -og for den lille pige, som lige er faldet i søvn. / Godnat! (oppslag 21).

Musa seier at håpet for kloden er avhengig av at me tek betre hand om han, og at ein gjer det ved å gi han kjærleik. I fall lesaren enno ikkje har tolka denne bodskapen ut av den vesle jenta si reise, kjem det i klartekst her. Dette siste oppslaget gjer bodskapen eksplisitt, og den tekstinterne dialogen blir runda av og blir retta utover. Dette gjer òg boka til ein klar deltakar i den økokritiske dialogen.

METODISK OG TEORETISK GRUNNLAG

Den følgjande nærlesinga av boka og den økokritiske dialogen den bidreg til, er gjort med særleg støtte i Bakhtin si forståing av språket sin dialogiske natur og Wegerif si forståing av dialogiske rom, og med NatCul-matrissa som utgangspunkt. Også Næss og Braidotti er sentrale for lesinga av biletboka, forståinga av dialogen i ho og for å sjå boka i lys av matrissa sine spekter.

Forståinga av økokritiske dialogar som ligg til grunn for lesinga av *Er det mit hjem?*, byggjer delvis på Bakhtin sin dialogteori. Han skriv om Dostojevskij sine verk at dialogen nødvendigvis må vere sentrum for hans kunstnariske verd, og at dialogen ikkje berre er eit middel i romanane, men eit mål i seg sjølv: «Dialogen er her ikke forværelset til handlingen, men selve handlingen» (Bakhtin, 2003, s. 197). Bakhtin ser alle ytringar som svar på tidlegare ytringar og dialog som ei danning av ei lang rekkje ytringar som står i samanheng med kvarandre. I dialogismen inkluderer han alle menneske og skriv at «[b]are i samkvemet, i menneskets samhandling med et annet menneske åpner 'mennesket i mennesket' seg, for andre så vel som for seg selv» (s. 196). Dialogen er ei grunnleggjande forståingsramme for samhandling mellom menneske, men Bakhtin inkluderer altså ikkje andre vesen i denne forståinga.

Også Wegerif ser til Bakhtin og vidareutviklar dialogteorien til «dialogic space» (Wegerif, 2007, s. 13, her omsett til «dialogisk rom»). Dette dialogiske rommet rommar meining og meiningsskaping, og det kjem til når deltakarar trer inn i dialogen (Wegerif, 2013, s. 4). Desse kan tre inn i dialogen og tydingsrommet frå ulike stader og tider, og i så måte støttar han seg til Bakhtin sin dialogteori. Wegerif skriv

at meining oppstår når ulike perspektiv blir haldne opp mot kvarande i kreativ spenning (s. 4). Denne kreative spenninga kan vere dialog, og perspektiva eller deltakarane kan vere menneske, men Wegerif inkluderer også andre former for perspektiv og opnar for å sjå dialogar på tvers av artar. Dette opnar for å lese bilet-bøker som *Er det mit hjem?* som dialogiske rom, ikkje berre i kraft av at dyra og plantene har fått verbalspråk og dimed kan sest som menneskelege, men med ei meir økosentrisk forståing: Eit rom som rommar meining og meiningsskaping på tvers av former for liv, ikkje berre mellom menneske.

Når me ser på dialogiske rom som økokritiske dialogar, inkluderer desse meir enn berre menneske, og dei inkluderer meir enn verbale ytringar: Også andre former for uttrykk for perspektiv er del av økokritiske dialogiske rom. Økokritiske dialogar har desse fire komponentane: stad, deltakarar, tilrettelegging og materiale.⁴ Desse går òg inn i kvarandre, og dei gjer det tydeleg at ein kan inkludere andre materiale og teknologi, til dømes bøker, som deltakar i dialogen. *Er det mit hjem?* trer tydeleg inn i ein økokritisk dialog og eit økokritisk dialogisk rom. Ikonoteksten er i seg sjølv ein dialog mellom illustrasjonar og verbaltekst. Me finn modellert dialog i handlinga, men denne inviterer òg til dialog, aller tydelegast i dei direkte vendingane til lesaren. Ved å halde oppe boka mot andre perspektiv eller deltakarar i ei kreativ spenning, til dømes gjennom ein litterær samtale med boka som utgangspunkt, vil ein danne rom for meiningsskaping.

NatCul-matriza er tenkt som ein organisk tankefigur. Matriza er utarbeidd med mål om å kunne bli brukt i økokritiske dialogar der deltakarar får undersøke og posisjonere seg i berekraftsdiskursen. Ho er laga for å utfordre og utforske forståing av og tankemønster knytte til det økologiske systemet og mennesket si posisjonering i dette, og å undersøke kva som er bruk og misbruk av naturen. Matriza sitt føremål er i tråd med Bakhtin sine tankar om dialogen som grunnlag for livet. Han peiker på at ein treng dialogen for å stille spørsmål, lytte, vere samde eller usamde, for å forstå andre og seg sjølv. Bakhtin skriv at meining oppstår i samhandling mellom menneske (2003, s. 196). Med ei meir inkluderande forståing av dialog kan me nytte matriza til å forstå oppfatninga vår av natur, til dømes, eller mennesket sin posisjon i verda.

Ein måte matriza utfordrar etablerte tankemønster på, er å syne kontinuumet mellom omgrep som ofte blir sette som dikotomiske. I dialogen om korleis me skal forstå forholdet mellom natur og kultur, kan matriza bidra til å syne posisjoneringar og verdsett gjennom dei to aksane: idealisering eller problematisering av naturen, og antroposentrisk eller økosentrisk tankemønster. Ein vil bevege seg mellom

4 Sjå Goga et al. (2023).

desse ytterpunkta, også innanfor spørsmålet om menneskeleg bruk og misbruk av naturen med menneskeskapt teknologi. Aksane hjelper med å synleggjere etablerte tankemønster som nettopp difor kan vere vanskelege å få auge på. Gjennom dialog med matrisa kan ein ta stilling til tankemønster, mellom anna framstilte i biletbøker. Ved å sjå på synet på natur og å sjå etter antroposentriske og økosentriske tankemønster i lesinga av *Er det mit hjem?* blir det klarare kva slags dialog boka modellerer, og kva slags økokritisk dialogisk rom ho trer inn i. I samheng med Bakhtin og Wegerif kan ein òg sjå kva slags posisjon biletboka utgjer som deltakar i ein økokritisk dialog, og kva slags dialogar ho har i seg eller legg til rette for. Nærlesinga av boka vil dreie seg mykje om mennesket si rolle i verda og om utgangspunktet for forståinga av denne. Difor er det i det følgjande relevant å gå djupare inn i matrisa si horisontale akse som spenner mellom antroposentrisk og økosentrisk horisont eller tankemønster.

I økokritiske diskursar blir antroposentrisme ofte kritisert, og me snakkar om menneskeskapte klimaendringar som årsak for klimakrisa. Næss er ein av dei som har tatt til orde for ei meir økosentrisk forståing av verda. Næss fremjar, mellom anna gjennom det miljøfilosofiske perspektivet økosofi, eit ikkje-antroposentrisk syn på relasjonen mellom menneske og natur. Han ser til Spinoza si forståing av sameksistensen på jorda og panpsykisme:

Spinozas panpsychisme er av en slik art at det ikke blir meningsløst å gjøre noe for et levende vesens egen skyld, for eksempel å lindre dets savn eller smerte. Et levende vesen har menneskets grunnleggende egenskaper, men i mer beskjeden grad. Dette innebærer å tillegge dem en egenverdi, en verdi ut over nytten for oss mennesker. Bør vi verne om alle menneskenes livsbetingelser, bør vi prinsipielt også verne om alle levende veseners livsbetingelser. (Næss, 1999a, s. 134)

Næss skriv at «[l]ivets rett til utfoldelse er en enhetlig rett og kan ikke kvantifiseres» (1991, s. 266). Dette likerettsprinsippet er likevel ikkje heilt fritt frå antroposentrisme: Alt levande er verdifullt i kraft av sin eksistens, men også dette for mennesket. Næss trekkjer fram nærleik og identifikasjon som viktig i djupøkologien: «Vi finner hos det levende noe av det same som vi finner i oss selv. Vi ser oss selv i noe annet» (Næss, 1999a, s. 143). Altså ligg det verdi i at det andre levande er noko anna enn menneske.

Braidotti ser òg til Spinoza i sin argumentasjon for å utfordre hierarkisk dualistiske og antroposentriske tankemønster (Mantin, 2019, s. 15). Braidotti (2020) poengterer, i tråd med Spinoza og Næss, at me må anerkjenne at «we – all living things – share the same planetary home» (s. 3). Likevel viser tittelen på artikkelen

at ho plasserer mennesket i ei særstilling: «we are in this together, but we are not one and the same» (Braidotti, 2020). Ho kritiserer òg synet på mennesket som ein nøytral kategori i forholdet til naturen og peiker på skilnader når det kjem til sosiale og juridiske rettar, privilegium, teknologi, sikkerheit og utdanning (s. 2–3). Med dette blir også eit menneskeorientert verdsbilete nyansert, og det me forstår som antroposentrisme, inkluderer ikkje eit universelt menneske si forståingsramme. Denne er basert på menneske med nettopp sosiale og juridiske rettar, privilegium, teknologi, sikkerheit og utdanning.

Spekteret mellom antroposentrisk og økosentrisk horisont, slik det er presentert i matrisa, er nyttig for å sjå tankemønsteret som blir lagt fram i *Er det mit hjem?*. I økokritiske diskursar blir antroposentriske tankemønster problematisert, nettopp fordi det er så etablert og omfattande. Den følgjande analysen er ordna med utgangspunkt i dei tre aspekta mennesket, det menneskeskapte og menneskeleggjering. Aspekta syner antroposentriske tankemønster som kjem til syne i boka, men med dette som utgangspunkt kan ein òg seie at premissen for analysen er antroposentrisk. Før dei tre menneskesentrerte aspekta ser me på spekteret mellom antroposentrisk og økosentrisk horisont, som begge til dels kjem til syne i biletboka.

ANALYSE AV ER DET MIT HJEM?

På siste oppslag i *Er det mit hjem?* står det «Vores fælles hjem er et fantastisk sted. Men vi mennesker skal huske på at være gode mod verden, så den bliver ved med at være et dejlig sted» (Moore & Yun, 2018, oppslag 21). Verda er altså vår heim, og heimen får fleire funksjonar i biletboka. Heimen er òg den heilt sentrale staden i boka, både fordi det er her handlinga spelar seg ut, og fordi det både er reisa sitt utgangspunkt og mål. Prefikset *øko* kjem av det greske ‘oikos’, som tyder heim eller hus, og boka byggjer dimed på ein tydingsfull metafor. Svaret på «er det mit hjem?» ligg i spørsmålet: jenta sin heim er langt større enn huset ho bur i, heile økosfæren er heimen hennar. Den same tanken ligg til grunn for Næss sin økosofi: «prefikset ‘øko’ [...] oversettes med ‘hushold’ og kan forstås som livsgrunnlaget på jorden, økosfæren» (Næss, 1999b, s. 96). På oppslag 20 i boka, som eit opphald før etterordet der musa summerer opp boka sin budskap, ser me jordkloden på avstand, svevande i eit mørke med teksten «LOVE YOUR HOME» i versalar. Det same mørket finn me att på oppslaget mellom tittelbladet og starten av handlinga i boka. Her er mørket fylt med det som ser ut som stjerner og planetar, der alle er småe prikkar langt borte. Tomheita i dette oppslaget får sin motpart og si løysing til slutt: Jenta har funne heimen sin, jorda med eit mangfald liv.

Mennesket skal altså ta vare på jorda, ikkje berre fordi det er vår heim, men fordi det er alle sin heim, også «fantastiske dyr og planter» (Moore & Yun, 2018, oppslag 19). Den vesle jenta fell i svevn medan ho tenkjer på alle dyra og plantene ho deler sin store heim med. Alle dyra og plantene ho har sett bli prega av klimaendringane, gir grunn til å ta betre vare på jorda. I boka ser me enno ikkje at menneska er råka av klimakrisa direkte eller i særleg negativ grad, men me ser tydelege konsekvensar i plante- og dyreriket. Det er fyrst i møte med andre artar at konsekvensane kjem til syne for protagonisten og for lesaren. Dimed er det også på grunn av desse artane sin eigenverdi at mennesket skal handle, ta vare på jorda. «Der er stadig håb for vores fælles hjem» (oppslag 21), seier musa retta mot lesaren. Mennesket blir på eit vis ikkje stilt over dei andre artane, men sett som ein av fleire artar med ein felles heim. Mennesket står likevel i ei særstilling.

Spørsmålet «er det mit hjem?» syner eit antroposentrisk utgangspunkt for forståing av heimen, økosfæren. Jenta spør ikkje kva som er vår heim eller dyra og plantene sin heim, men med utgangspunkt i seg sjølv: «Er det *mit* hjem?». Ho blir mint om at ho ikkje er åleine om å ha denne heimen, men ho får likevel stadfesta ei særstilling, særleg når det kjem til ansvar. Menneska står ansvarlege og blir i boka gjort merksame på si kraft til å påverke omgjevnadene. Det er den vesle jenta, representant for menneska, og lesaren som får beskjed om å elske og å ta vare på jorda. Eit aspekt ved dette ansvaret er skuld. Jenta får ansvar for å ta betre vare på jorda fordi ho har evne til å gjere det, men òg fordi det er menneska, dei ho i boka er representant for, som har skuld i situasjonen. Skuldmotivet kjem implisitt fram i boka, aller tydelegast i søppelet som driv rundt i havet. Det ligg også i ansvaret som blir lagt på jenta, eit ansvar ho får av naturen ho er i dialog med. Boka er ei øving i å tenkje økosentrisk, men nettopp fordi mennesket har eit særleg ansvar for å gjere det. I så måte kan ein sjå boka som ein økosentrisk ambisjon med antroposentrisk utgangspunkt.

Mennesket, det menneskeskapte og menneskeleggjering

Gjennom boka følger me ei lita jente som ikkje får noko namn, men blir kalla «den lille pige». Det opnar for at unge lesarar kan sjå seg sjølv i ho. Jenta representerer meir enn seg sjølv. Som einaste menneske i boka representerer ho menneskeheita, dei som er ansvarlege for klimakrisa og som no får ansvar for å løyse ho. Som barn representerer ho ein generasjon; den generasjonen som skal, fordi han må, vende om og finne ny retning; den generasjonen som utgjer framtidshåpet. Som ung jente representerer ho ein jenteprototyp, slik også Ronja Røverdatter og Tonje Glimmerdal gjer, eller slik Greta Thunberg blir i *Greta og kjempene* (2020). Den

vesle jenta blir ein slags frelsarskikkelse, ansvarleg for heile jorda. På omslaget ser me «den lille pige» på vandring i natta. Ho er omgitt av skog, og i buskane lurar ulike dyr. Sjølv går ho målretta, er breibeint og held ei lampe strakt framom seg slik at kroppen hennar liknar ei stjerne. Jenta, som blir ei leiestjerne, er kledd i ei kvit drakt. Ho gir assosiasjonar til den heilage Lucia og til Florence Nightingale og står fram som rein og uskuldig, trass i at ho også representerer årsaka til klimakrisa.

Jenta representerer ikkje berre menneska, men også det menneskelege og det menneskeskapte. Overalt der ho går, også på omslaget, har ho med seg ei lysande lampe. Lampa er lik ein fakkellampe og gir konnotasjonar til fridomsgudinna og til fakkel, symbol for fridom, engasjement og fellesskap. Ein kan sjå lyset som håp, som opplysning og avdekking, og konnotasjonane til salme 119, vers 105 «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig» byggjer opp under ei forståing av jenta som ein frelsarskikkelse (Salme 119, 105, Bibel 2011). Frelsa kjem likevel ikkje i løpet av boka, men ein kan sjå jenta som ei som leiar vegen fram mot ho. Innsidepermane i boka har ein intens gulfarge, lik lampeskjermen, og gir forteljinga ei ramme av opplysning og energi. Forteljinga er omgitt, lyfta fram av dette lysande, som for å vekkje lesaren. Slik sett er symbolikken i tråd med det som lèt til å vere ambisjonen med og budskapet i boka, å opplyse lesaren. Lampa representerer også teknologi og menneskeleg framsteg, det som lenge har gått på kostnad av naturen og ikkje-menneskeleg liv, i tillegg til menneskeleg liv. Overalt der jenta går, i vill skog, ørken og på havet, har ho med seg nattbordslampa. Den omfattande reisa kan dimed også bli lesen som mennesket si oppdaging og underlegging av jorda, kolonisering og menneskeleg hegemoni. Lampa er ein føresetnad for at jenta finn fram og oppdagar, kanskje for at ho i det heile tatt beveger seg ut av huset om natta. Gjennom leidninga ho dreg med seg, likt brørne Grimms Hans og Grete, held lampa den vesle jenta knytt til huset sitt, sivilisasjonen og kulturen.

Lampa jenta ber med seg, har enno eit tydingslag ved seg i kraft av at boka er gitt ut på Politikens Forlag av JP/Politikens Hus og Ørsted. Ørsted er eit dansk energiselskap med ein uttala visjon om ei verd driven på grøn energi. Til slutt i biletboka, på kolofonsida før den gule innsidepermen, står det «Hvis du vil vide mere om, hvordan du kan vise, at du også elsker vores fælles hjem, kan du gå ind på orsted.com/book» (Moore & Yun, 2018, upag.). Lenkja fører ein til ei side med informasjon om boka, i tillegg til råd for å snakke med barn om temaet og om å leve «grønare». Ein finn òg undervisningsressursar knytte til boka, utvikla i samarbeid med WWF Verdens naturfond (Ørsted, 2019). Med dette kommuniserer boka positivitet og validerer optimisme knytt til teknologi som løysing på klimakrisa. Eit barn vil truleg ikkje vie mykje interesse til kolofonsida, og ein vaksen vil truleg heller ikkje lese denne høgt for barnet. Den generelle budskapet i boka er

ukontroversiell, det er viktig å ta vare på jorda. Det er likevel nærliggjande å stille seg kritisk til aspektet som kan bli knytt meir direkte til ein agenda og til avsendaren si eventuelle vinning.

Etter å ha reist langt og møtt mange, kjem jenta på oppslag 13 til ein kval som også seier at «dit hjem er meget, meget større». Her får boka sitt vendepunkt. Den vesle jenta, stadig med den lysande lampa føre seg, sit i båten og ser ut over det enorme havet. «Den lille pige kunne slet ikke forestille sig noget, der var større end havet» (oppslag 13). Me ser den bogne horisonten og sola som søkk ned bak han medan himmelen flammar dramatisk raudt over det blå, glitrande havet. Jenta kjem ikkje lenger og må vende om og dra heim. Slik får forteljinga eit fysisk vendepunkt. Biletet er nært apokalyptisk med den flammande himmelen og mennesket, lite og hjelpelaust på det store havet. Handlinga stoppar opp, og jenta blir sitjande og sjå mot horisonten, mot enden av verda, av moglegeheiter eller enden på eksistensen, «the end of the world as we know it»⁵. Likevel er det vakkert, ikkje berre fordi solnedgangar er vakre, men fordi me veit at jorda vil halde fram. Ho held fram, fysisk, bak horisonten, og ho held fram, faktisk, uavhengig av menneska sine handlingar. Det brutale og nådelause i dette, spegla i den flammande himmelen, syner det antroposentriske i jenta si jakt etter svar. Ho ser etter sin eigen heim, ikkje kva anna denne heimen inkluderer. Heimen, økosfæren, vil halde fram, men kanskje ikkje vere eit «fantastisk sted», i alle fall for mennesket.

Det menneskelege finst ikkje berre i hovudpersonen og lampa ho ber med seg, men også i møta ho har med omgjevnadene. Plantene og dyra me møter i boka, er menneskeleggjorte. Dyra gjer menneskelege ting som å bruke klippemaskin og paraply. På oppslag 12, der jenta møter kvalen ute i havet, kjem det fram i verbalteksten at kvalen er svolten, men det er òg tydeleg i illustrasjonane. Havet er fylt av plastflasker og menneskeskapt avfall. Kvalen, med fortvilning i blikket og open munn, held kniv og gaffel i finnane sine. Dei blir eit uttrykk for svelt som mennesket forstår, og uttrykk for den omfattande forureininga av havet. Den mest påfallande menneskeleggjeringa er likevel auga til dyra og plantene. Dei har synlege senehinner i auga, det kvite kring pupillane. Også musa og myggen har dette, og fleire av dyra er også illustrert med ulike augefargar. Gjennom dette didaktiske trekket, kritisk antropomorfisme, blir naturen menneskeleggjort og vekker sympati hjå mennesket som ser seg sjølv i han (Garrard, 2012, s. 154). I likskap med

5 Uttrykket har vore del av populærkultur i lang tid, mellom anna med R.E.M sin song «It's the end of the world as we know it» (1987) og Erlend Loes roman *Slutten på verden slik vi kjenner den* (2015), men det har òg fått andre konnotasjonar med Lars Skinnebach si dystopiske diktsamling (2018) med akronymet *TEOTWAWKI* som tittel, der ein kan lese om verda før og etter økologisk kollaps.

det menneskelege språket dyra og plantene har fått, er dette eit uttrykk for antroposentrisme. Når jenta spør kameleonon om heimen hans, svarar han som ut frå eit menneskeleg resonnement «Jeg har boet her meget længe, men nu er jeg nødt til at flytte til et sted, hvor der er mere vand» (oppslag 11). Naturen er gjort meir menneskeleg for betre å kommunisere med og vekkje sympati hjå mennesket. Auga er eit tydeleg verkemiddel i seg sjølv, men er særleg interessant med tanke på at jenta, det einaste mennesket i boka, har auge teikna som svarte prikkar. Ho blir gjort mindre menneskeleg enn dei andre vesena. Jenta er openbert eit menneske, men er gjort mindre personleg, kanskje nettopp for å kunne representere mennesket som art, det kollektive mennesket. Ein annan verknad er at ein får mindre sympati for mennesket samanlikna med naturen det søkjer å finne svar hjå.

Ein verknad av identifikasjonen som kjem av menneskeleggjeringa av naturen, kan vere eit meir økosentrisk syn. Sympatien for levande vesen gir dei eigenverdi og byggjer på eit vis opp under likerettsprinsippet. Identifikasjonen og det som i biletboka dimed blir sympati med naturen, er det som plasserer naturen i forhold til mennesket. Naturen blir ikkje problematisert, men heller ikkje veldig idealisert, og boka syner i så måte ikkje eit ytterpunkt i NatCul-matrisa. Fyrst og fremst blir naturen gjort passiv og til offer i *Er det mit hjem?*. Ein kan samstundes sjå på menneskeleggjeringa av naturen som eit uttrykk for antroposentrisme. Her ligg det til grunn at mennesket sympatiserer med det som liknar seg sjølv fordi det identifiserer seg med det. Dimed ligg ikkje plantene og dyra si eigenverdi i, slik Næss legg det fram, at dei er noko anna enn menneska sjølve. Dei får verdi fordi mennesket kan sjå seg sjølv i det.

DRØFTING

Tekstintern dialog, ei modellering

Boka modellerer ein økokritisk dialog, opnar eit økokritisk dialogisk rom. Ho syner eit møte mellom det som ofte blir sett som dikotomiar: menneske og natur, kultur og natur. Jenta søkjer svar om seg sjølv og sin posisjon i naturen, i omgjevnadene sine. Ho stiller spørsmål og naturen svarar, einstemmig og klart. Det blir opna eit dialogisk rom mellom menneske, dyr og planter, der dei er deltakarar og inkluderte i eit rom med meining og meiningsskaping. Naturen er, gjennom dyra og plantene som representerer han, stadbunden og ikkje mobil, slik som menneska. Det er mennesket som må gå ut og oppsøke naturen det har fjerna seg frå. Unntaket er musa, som følgjer med jenta gjennom heile reisa og som er den som

konkluderer og rettar dialogen ut mot lesaren.⁶ Jenta er likevel protagonist og modellerer ein dialog der mennesket er aktivt, tek initiativ, i møte med ein passiv natur.

Naturen er passiv, men får ei stemme og kjem til orde. Dette skjer ved at dyr og vesen får ytre seg verbalt, men òg gjennom ikkje-verbale uttrykk som landskap og natur- og vêrfenomen. Slik illustrerer biletboka økokritisk dialog og syner eit spekter av deltakarar som ytrar seg. Bodskapen i boka er lagt til naturen og kjem fram gjennom planter og dyr når dei gir svar til jenta. Dei er samde om svaret, dei får verbalspråk til å kommunisere unisont: «dit hjem er meget større». Dei kommuniserer samstundes at dei er offer; trea held på å blåse over ende, duene brukar paraply for å skjerme seg for regnvêret, dyra i jungelen er plaga av mygg, og sauene er så varme at dei klipper av si eiga ull. Dette er også berre eitt av mange døme på menneskeleggjing av naturen.

Dialogen som kjem til syne i boka, syner eit ynske om å oppsøke naturen og å lytte til han. Det er ved å rette seg mot omgjevnadene at ein finn svar, også om seg sjølv. Næss skriv at menneska ser seg sjølve ved hjelp av andre former for liv. Det er likevel ikkje mennesket sin verdi som står i sentrum av bodskapen i dialogen me finn i *Er det mit hjem?*, men nettopp dei andre livsformene sin verdi og mennesket sitt ansvar for å anerkjenne og å handle i tråd med denne. Jenta initierer dialog med omgjevnadene og inviterer naturen til å tre inn i det økokritiske dialogiske rommet. Dyr og planter får ytre seg, verbalt og ikkje-verbalt, og biletboka syner med dette økokritisk dialog med eit spekter av deltakarar i omgjevnadene, der ein òg lyttar til fleire former for uttrykk med eit ynske om å utfordre dei allereie etablerte tankemønster i ei ny meiningsskaping. Det dialogiske rommet er laga med økosentrisk ambisjon, kan ein seie, men har likevel eit menneskeleg utgangspunkt i protagonisten og menneskeleg språk som felles for livsformene me møter. Det er mennesket som må forstå og ta til seg bodskapen for at dialogen skal føre fram til noko. Livsformene jenta møter, er samde om at mennesket står i ei særstilling, sjølv om dei deler same heim. Den modellerte dialogen er ei offergjering av naturen og ei ansvarleggjing av menneska, og slik sett byggjer han opp under den dikotomiske forståinga av omgrepa menneske og natur, kultur og natur, og han gjer dialogen antroposentrisk.

Er det mit hjem? er ei forteljing om menneske som gjerne vil. Mennesket søker, gjennom reiskap og teknologi, å nå opplysing. Mennesket vender seg til naturen og søker å finne svar. Naturen gir samstemt svar, men mennesket held fram med å

6 Musa i veggen minner om kjente framstillingar av mus, mellom anna frå *Tom og Jerry* eller *Bjørnen i det blå huset*. Gjennom ei slik framstilling er musa nærare på mennesket enn andre dyr, om enn ikkje fullstendig menneskeleggjort.

spørje. Den vesle jenta spør (initiativ), og naturen gir svar (respons), men evalueringa manglar i det ein ser som klassisk samtalestruktur. Det er musa som tek seg av evalueringa når ho talar på vegner av det sovande barnet: «hun vidste hvad hun skulle. Og det gør du også» (oppslag 19). Resonnementet som har ført fram til slutninga om at vi skal gi jorda «den kærlighed, den fortjener» (oppslag 19), ligg implisitt i dialogen mellom illustrasjon og verbaltekst, men er ikkje eksplisitt uttala av protagonisten i boka. Dimed er det også musa, representant for naturen, som får siste ord.

Eit dialogisk rom blir opna

Er det mit hjem? modellerer ikkje berre dialog, men er også del av ein (jf. Bakhtin, 2003, s. 196). Boka er eit svar, trer inn i ei rekkje ytringar og held fram dialogen om berekraft, om korleis mennesket skal forstå posisjonen sin i verda og i relasjon til omgjevnadene. Eit av svara i boka er at det stadig er håp for den felles heimen vår, «[v]i skal bare passe bedre på den» (Moore & Yun, 2018, oppslag 21). Boka er ein måte å erfare dette perspektivet på, til dømes for lesarane. Identifikasjon er viktig for denne erfaringa, då det kan utgjere koplinga mellom tekstintern og tekstekstern dialog. Appleyard skriv om heltar i barnelitteratur som viktige på grunn av nettopp dette (1991, s. 59). Jenta i boka blir ein helteskikkelse, og det er eit tydeleg ynske om at lesaren skal kjenne seg att og gjere som ho. Ynskeidentifikasjonen kan føre til handlekraftige lesarar som er medvetne om at dei deler heimen sin med fantastiske planter og dyr, og som difor handlar i tråd med det. Viss ynsket blir til røynd, får lesaren tru på mogelegheita til å påverke omgjevnadene.

Når boka er slutt, sit lesaren kanskje att med ei kjensle av løysing, jenta kom heim att og fall til ro med svaret ho fekk. I så måte har boka fått til det ho ville. Samstundes seier ikkje boka noko om kva det vil seie å gi kjærleik til jorda, og ansvaret som blir lagt på jenta er enormt og ganske abstrakt. I dette ligg det dessutan implisitt skuld. Lesaren kan dimed òg sitje att med skuldkjensle eller ei kjensle av apati. I så fall har ikkje boka lenger den verknaden det er rimeleg å tolke som ynskt. Verknaden kan då synast meir som ansvarsfråskrivning frå selskapet Ørsted si side. Ansvaret blir lagt på mennesket, på den unge generasjonen, på «den lille pige» og på lesaren, og så er det opp til dei å finne ut korleis dei skal handtere det.

Biletboka gir eit svar i dialogen om klimakrisa, og det er rimeleg å tolke teknologisk optimisme ut av ho. Denne ligg implisitt i nattbordslampa jenta ber med seg. Han ligg enno tydelegare i avsendaren av teksten, energiselskapet Ørsted. Næss skriv i *Økologi, samfunn og livsstil* at «[u]t fra 'alt henger sammen'-mekanismen må slagordet 'Teknisk løsning av miljøkrisen!' bedømmes som totalt forkastelig»

(Næss, 1991, s. 102). Sjølv har Næss tru på ein overgang til mjukteknologi, men meiner at djuptgåande sosiale og politiske endringar må til (s. 102). Biletboka tek ikkje til orde mot dette og frontar heller ikkje eit slikt slagord. Ho legg ikkje fram ein eksplisitt filosofi eller eit argument for at teknologisk framgang er løysinga på krisa. Dette aspektet verkar likevel inn på ein kritisk lesar si forståing av boka og det dialogiske rommet ho er del av.

Tyngda av klimakrisa blir lagd på skuldrene til dei yngste, i boka så vel som i røynda. Den vesle jenta blir dimed ikkje berre eit førebilete, men også ei form for romantisk jenteprototyp. Slik Johanna Spyris Heidi (1880) bergar den vaksne og blir representant for framtidshåpet, er det «den lille pige» som her må ta ansvar og ordne opp etter menneska som har levd før ho sjølv (Birkeland et al., 2019, s. 197). Birkeland et al. (2018, s. 122–123) skriv om jente- og ungpikébøker frå mellomkrigstida som litteratur med utspring i den moral-pedagogiske barneskildringa og med mål om å syne litterære figurar å identifisere seg med for unge jenter. Heltane som blei framstilte her, var gjerne unge jenter som måtte greie seg åleine, ofte foreldrelause og sendt heimanfrå, dei var modige og sjølvstendige, og ei positiv kraft. Denne skildringa passar godt med jenta me møter i *Er det mit hjem?*. I dag er det venta at samtidsbarnelitteratur skal leggje opp til refleksjon og meningsskaping der lesaren er aktiv i møte med teksten, i motsetnad til mellomkrigstidas moraliserande barnelitteratur (Birkeland et al., 2018, s. 123). Dette passar berre dels med *Er det mit hjem?*. Førestillinga om samtidslitteratur for barn som open og utforskande blir stadfesta i det utforskande ved biletboka. På same tid er jenta ein klassisk helt som frå dei gamle jentebøkene med tydelege føringar for kva lesaren skal identifisere seg med.

Boka har i seg ein dialog som rettar seg ut av boka og mot lesaren. «[H]un vidste, hvad hun skulle. Og det gør du også – giv dit store hjem den kærlighed, det fortjener» (Moore & Yun, 2018, oppslag 19). Når musa seier dette, er det som om ho legg heile den modellerte dialogen over på lesaren. Lesaren dukkar ikkje opp som deltakar her for fyrste gong, men blir direkte *peika ut* som deltakar her. Det dialogiske rommet blir utvida, og boka utgjer ein posisjon med eit tydeleg perspektiv som lesaren må ta stilling til. Etter å ha lese boka kan ein bli sitjande litt som jenta sit og ser ut på havet og horisonten på oppslag 13. Ho veit ikkje kva ho skal gjere, kor ho kan dra, eller kven ho kan spørje for å finne svar. Når boka tek slutt, og evalueringa av svara ho har fått, enno ikkje har kome, inviterer vakuumet til dialog. Dette vakuumet kjem ikkje av spørsmålet om kva som er heimen vår, men korleis me skal gi han kjærleik. Vakuumet kan føre til apati, men også det motsette: Det kan generere samtale og framlegg til ulike måtar å handtere ansvaret på. Bakhtin (2003) skriv: «Å være vil si å ha dialogisk samkvem. Når dialogen slutter, slutter alt. Derfor kan

ikke dialogen egentlig slutte, og den må ikke slutte. [...] Alt er et middel, målet er dialogen» (s. 197). Med dialog som mål blir det opp til lesaren å halde denne fram, tre inn i det økokritiske dialogiske rommet boka opnar, og overføre den modellerte dialogen til røynda.

ENDELEGE MERKNADER

Føremålet med dette kapittelet har vore å sjå barneboka *Er det mit hjem?* som ei modellering av ein økokritisk dialog og som deltakar i eit dialogisk rom. Boka modellerer dialog mellom menneske og natur der mennesket er aktivt og oppsøkkande, og der det er naturen som gir svar. Boka syner eit tankemønster der menneska er likestilte med andre artar i si tilhøyrsløse på jorda, men der dei likevel har eit særleg ansvar for å ta vare på ho. Ansvar som bli lagt på barnet, er stort og uhandgripeleg, i boka og i røynda. Biletboka gir ikkje ei løysing på klimakrisa, men seier at det viktigaste er å vise jorda kjærleik, også fordi det er heimen til alle planter og dyr. Følgjer me Bakhtin til endes her, gjer boka òg noko anna som er viktig: Ho oppmodar til vidare dialog. Fråværet av ei konkretisering av å «elske vores hjem, Jorden» (Moore & Yun, 2018, oppslag 21) kan føre til eit behov for nettopp det.

I overordna del i den norske læreplanen står det at «[b]arn og unge skal handtere dagens og morgondagens utfordringar, og vår felles framtid er avhengig av at kommande generasjonar tek vare på kloden» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Læreplanen har òg kritisk tenking og etisk medvit som grunnleggjande verdi. Biletboka *Er det mit hjem?* legg opp til dialog om den felles framtida vår, men ho legg òg opp til å snakke om kritisk tenking. Eit barn i det me kan sjå føre oss at er målgruppa, vil truleg ikkje leggje merke til kven som er avsendar av boka, eller tenkje noko vidare på det. Nettopp difor er det viktig at læraren er medveten i val av bøker og i undervisninga. Hans Erik Bugge og Alexandre Dessingué skriv i *Å tenke kritisk sammen* om dialogen som eit nøkkelement i utviklinga av kritisk tenking og kritiske samfunnsmedvit (2022, s. 31). Å vere ein kritisk lesar av boka *Er det mit hjem?* vil ikkje seie at ein ikkje skal lese ho, men at ein skal lese og snakke saman om kva tyding avsendaren har for dialogen boka trer inn i, kva dialog ho modellerer, og korleis lesaren skal stille seg til han.

Biletboka har som nemnt ein økosentrisk ambisjon med antroposentrisk utgangspunkt. Det antroposentriske utgangspunktet for verdsforståinga kjem til syne gjennom mennesket som protagonist og framtidshåp, gjennom nattbordslampa som symbol på det menneskeskapte og på menneskets påverknad på verda, og gjennom menneskeleggjeringa av omgjevnadene som eit didaktisk grep for å

vekkje sympati. Biletboka modellerer dialog der det blir tydeleg at menneska må lytte til omgjevnadene sine. Ho trer inn i dialogen om berekraft og mennesket si rolle og sitt ansvar i møte med klimakrisa. *Er det mit hjem?* er ei biletbok med dialog som middel. Ho er òg ei bok ein bør lese med dialog som mål.

REFERANSAR

- Appleyard, J.A. (1991). *Becoming a reader*. Cambridge.
- Bakhtin, M.M. (2003). *Latter og dialog: utvalgte skrifter*. Cappelen akademiske forlag.
- Bibelen (2011). Salmane. *Nettbibelen*. Bibelselskapet. <https://bibel.no/Nettbibelen?book=PSA&chapter=119&slang=nynorsk11>
- Birkeland, T., Mjør, I. & Teigland, A. (2019). *Barnelitteratur. Sjangerar og teksttypar* (4. utg.). Cappelen Damm.
- Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K.B. (2018). *Norsk barnelitteraturhistorie* (3. utg.). Samlaget.
- Braidotti, R. (2020). “We” Are In *This* Together, But We Are Not One And The Same. *Journal of Bioethical Inquiry*, 17, 465–469. <https://doi.org/10.1007/s11673-020-10017-8>
- Bugge, H.E. & Dessingué, A. (2022). *Å tenke kritisk sammen. Kritisk tenking i dialogiske undervisningspraksiser*. Cappelen Damm Akademisk.
- Garrard, G. (2012). *Ecocriticism* (2. utg.). Routledge.
- Goga, N. & Eskebæk, M. (Red.) (2021). *På tværs af Norden 2. Økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur*. Nordisk ministerråd.
- Goga, N., Guanio-Uluru, L., Hallås, B.O. & Nyrrnes, A. (2018). *Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialogues*. Palgrave Macmillan.
- Kraftl, P. (2008). Young People, Hope, and Childhood-Hope. *Space and Culture*, 11(2), 81–92. <https://doi.org/10.1177/1206331208315930>
- Kunnskapsdepartementet (2017). Overordnet del – verdier og prinsipp for grunnsopplæringa. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnsopplaringen/id2570003/>
- Mantin, R. (2019). A Theology of Radical Immanence: Goddess and the Posthuman. *Feminist Theory*, 28(1), 6–19. <https://doi.org/10.1177/0966735019857194>
- Moore S.H. & Yun, Y. (2018). *Er det mit hjem?*. Ørsted.
- Moriarty, S. (2021). Modeling Environmental Heroes in Literature for Children: Stories of Youth Climate Activist Greta Thunberg. *The Lion and the Unicorn (Brooklyn)*, 45(2), 192–210. <https://doi.org/10.1353/UNI.2021.0015>
- Næss, A. (1991). *Økologi, samfunn og livsstil: utkast til en økosofi*. (5. utg.). Universitetsforlaget.
- Næss, A. (1999a). *Det frie menneske. En innføring til Spinoza*. Kagge.
- Næss, A. (1999b). *Livsfilosofi. Et personlig bidrag om følelser og fornuft*. Universitetsforlaget.
- Wegerif, R. (2007). Dialogic: Opening a Space. I *Dialogic education and technology: expanding the space of learning* (s. 13–29). https://doi.org/10.1007/978-0-387-71142-3_2
- Wegerif, R. (2013). *Dialogic: Education for the Internet Age*. Taylor & Francis Group.
- Ørsted. (2019, 24. oktober). *Vild efterspørgsel på klimaviden til 0. og 1. klasser*. <https://orsted.com/da/media/newsroom/news/2019/10/knowledge-on-climate-change-in-huge-demand-for-first-and-second-years-in-danish-primary-education>
- Ørsted. (2019, 29. januar). *Er det mit hjem? Vores hjem er et smukt sted. Lad os passe godt på det*. <https://orsted.com/explore/is-this-my-home>